# Eikefjord DAGANE

## 14.–16. august 2009


«Svanhild»


Jorunn Torsheim


Ansiktsmaling


Spik Adel


Open gard


EM handbak

GENERALSPONSOR:

Firdaposten

HOVUDSPONSORAR:

sparebanken sogn og fjordane

SFE

atema

GENERALSPONSOR

...der hjártet er



Teikn eit abonnement på Firdaposten
på Eikefjord Grendalag sin stand.
Då støttar du grendalaget!

Firdaposten
kystavisa
Tlf. 57 75 73 00

# Velkomen til årets Eikefjorddagar!



Eikefjorddagane vert i år arrangert for 7. gong. Vi gler oss alle til å ta imot deg som gjest denne helga, og håpar å presentere bygda frå si beste side. Som tidlegare byggjer vi på at desse dagane skal tilfredsstille ulike ynskje, frå dei yngste til dei aller eldste. Men, som før er det du som er med på å setje ditt preg på desse dagane. Stress ned og slå av ein prat med gamle kjende og få ein smak av det gode liv i Eikefjord.

Eikefjorddagane er eit fellesprosjekt der mange personar er involvert. Sjølv om det er styret i Eikefjord Grendalag som er iniativtakar og står som ansvarleg for arrangementet, hadde det ikkje vore mogleg å gjennomføre Eikefjorddagane utan engasjerte og kreative ressurspersonar i bygda. Organisasonsmessig er ulike delarrangement delegert til frivillege lag og organisasjonar i bygda. ***Saman er vi sterke – takk til alle saman!***

Opninga av dagane skjer fredagen i sentrum – i hjarte av bygda. Der kosar vi oss med kaffi og kaker – som er gratis!!!! Sidan går det slag i slag med kunstutstilling, kyrkjekonsert, marknad, dans, friluftsgudsteneste etc., og ikkje minst mange artige og uhøgtidlege konkurransar. Til slutt deler vi ut Eikefjordprisen for 2009.

Takk til alle sponsorane våre - store og små. Utan dokke hadde det vore vanskeleg å lage til desse dagane. Støtt desse - dei støttar oss!!!

Overskotet av dagane går til ulike tiltak i bygda. Vi ser no slutten på arbeidet på stranda og promenaden. Men, det er mange spennande prosjekt på gang, og vi går ei verkeleg spennande tid i møte. Sjå berre her:

Ny skule/rehabilitering av Eikefjord skule håpar vi vert realisert neste år! Barnehagen er i gang med omfattande tiltak og oppgradering. Gravdal Byggsenter er i startfasen for å bygge nærare 40 einebustader på Lyngneset. Det må vere eit av dei finaste og mest sentrale byggefelta i heile Sogn og Fjordane! Vi ynskjer Gravdal velkomen i bygda!

På andre sida av fjorden er det starta reguleringsarbeid for strandområdet nedanfor Gjæra. I planarbeidet vert det lagt opp til å utvikle området med samanhengande turveg, utbetre badestranda og tilrettelegge området ved «Nilsbua» til hotell/sjøbuer og eit mindre småbåtanlegg. Snart kan vi ha ein sjøpromenade heilt frå Lyngneset til Hamnaneset! Vi er og kjende med at det føreligg omfattande restaureringsplanar for fleire av dei gamle sjøbuene langs fjorden. Dette er arbeid som alt kan starte opp neste år. Vi feirer også 1 års bursdag for Nærleiken - som verkeleg har maknadsført Eikefjord både lokale og nasjonalt. Havn FjordCamping er eit anna positivt tiltak som såg dagens lys for ca 2 mnd. sidan. Lista er lang og vi har sikkert gløymt noko, men dette viser den optimismen og tiltakslysta som er tilstades blant eikefjordingane for tida. **STÅ PÅ ALLE SAMAN!!!**

**Har du ein ide eller noko du vil vi skal ta tak i - snakk med oss!**

***"Vi kan og vi vil - og folk frå Eikefjord får det til"!***

*Med helsing*
*Eikefjord Grendalag*
*Per-Øyvind Sørbø, leiar*

HOVUDSPONSOR




Smart billån

Kjøper du bil med lågt CO2-utslepp får du
1 prosentpoeng rabatt på billånet ditt.
Tilbodet gjeld billån med salspant.

www.ssf.no

**Sparebanken Sogn og Fjordane**
**– la oss fellesskape framtida vår**

# Eikefjorddagane 2009
# Program fredag 14. august

**17:00** **Opning av Eikefjorddagane 2009** – sentrum v/Sparebanken
- Gratis kaffi og kaker
- Framføring av Eikefjordsangen
- Opning av 4H-leiren

**18:00** **Opning av kunstutstillinga**
Jorunn Mulen
2. og 3. etasje Nærleiken

**20:00** **Kyrkjekonsert**
Jorunn Torsheim, vokal
Pål Bråtelund og Tore Buvoll på ulike strengeinstrument

**21.30** **Vi møtest på Nærleiken**
Trubadur og allsang - Bjørn Wilhelmsen

**22.00** **Ungdomsarrangement på stranda**
Sjå eige oppslag



*Eikefjorddagane 2008: Mona og Anne Cathrine har ansvaret for kakene.*

HOVUDSPONSOR

# Det er «naturleg» å tilpasse seg…







**«Svolten» på nye oppdrag?**

**Då er det viktig å vere synleg i marknaden!**




## Vi berre gjer det!

Grafiskdesign|Kommunikasjon|Salsstøtte|Adressering|Trykksaker

atema

**Atema as**
Hamregata 1 | Postboks 447 | 6903 Florø
Telefon 57 00 93 70 | Mobil 900 53 141
E-post: atle@atema.no | **www.atema.no**

# Eikefjorddagane 2009
# Program laurdag 15. august

**10.30 Marknaden opnar**
Utstillarane både ute og inne opnar sine boder
- Kunstutstillinga opnar
- Sjå kunstnarane i arbeid - Magnhildbua

**12.00 Matstasjonane opnar**
- Huldreskogen – for dei minste
- Allhuset – rømmegraut, mylse, kaffi og kaker
- Sunnarvikja – grilling av kjøt - bacalao
- Nærleiken - servering, oppleving, alle rettighetar

**13.00 Politisk Kvarter - Speakers Corner**
Politikarane konkurrerer

**15.00 Underhaldning frå scena**
- Nostalgisk mopedparade
- EM i handbak
- Trekning på inngangsbillett

**16.00 Palleløp** (bilde under frå palleløp ED 2008)

**17.00 Bodene stenger**

**21.00 Dans på Allhuset m/Spik Adel**



**BARNE-AKTIVITETAR:**
- Ansiktsmaling
- Maskoten Eike
- Hesteridning
- Spikking
- Dyreutstilling
- Tohjulstraktor-taxi
- Elias-båten (kun laurdag)
- Gråtass
- Radiostyrte bilar, fly og båtar
- Veteranbuss
- 4H-leir
- Gravemaskin-køyring
- Fiskekummer

HOVUDSPONSOR

SFE



ta ansvar

- krev fornybar energi

Alle har eit ansvar for framtida.
Du har forbrukarmakt - krev fornybar energi.

Sogn og Fjordane Energi AS, Bukta, 6823 Sandane Tlf: 57 88 47 00 post@sfe.no www.sfe.no

# Eikefjorddagane 2009
# Program søndag 16. august

**10.30** **Marknaden opnar**
Utstillarane både ute og inne opnar sine boder
- Kunstutstillinga opnar
- Sjå kunstnarane i arbeid - Magnhildbua

**11.00** **Gudsteneste på stranda**

**12.00** **Matstasjonane opnar**
- Huldreskogen – for dei minste
- Allhuset – rømmegraut, mylse, kaffi og kaker
- Sunnarvikja – grilling av kjøt - bacalao
- Nærleiken - servering, oppleving, alle rettighetar

**12.00** **Vitjing av seglskuta Svanhild frå kl 1200-1700**
- Grendalaget sin sponsor Sparebanken Sogn og Fjordane inviterer store og små om bord. Korte turar på fjorden. Avgang 1230, 1400 og 1600. Først til mølla.

**15.00** **Underhaldning frå scena**
- Motorsagshow v/Dag Audun Eliassen
- Eikefjordprisen 2009
- Premieutdeling EM i drusing
- Firdapostens kåring av beste kalenderbilde
- Trekking på inngangsbillett
- Utdeling av Idrettslaget sine prisar 2009

**17.00** **Bodene stenger**



**BARNE-AKTIVITETAR:**
- **Ansiktsmaling**
- **Maskoten Eike**
- **Hesteridning**
- **Spikking**
- **Dyreutstilling**
- **Tohjulstraktor-taxi**
- **Gråtass**
- **Radiostyrte bilar, fly og båtar**
- **Veteranbuss**
- **4H-leir**
- **Gravemaskin-køyring**
- **Fiskekummer**

**Flora kommune**

atema - Foto: Crestock

*Flora kommune ynskjer alle velkomne til ei triveleg familieoppleving på*

*Eikefjorddagane 2010!*



www.flora.kommune.no

# Nærleiken

Nærleiken har utvikla seg til ein særs viktig møteplass i bygda. Konseptet med butikk, kafé og Norsk Slipsmuseum har fått mykje merksemd i lokal, regional og nasjonal presse. Dette skaper mykje positiv omtale og blest for Eikefjord. I tillegg til å arrangere eigne arrangement i Nærleiken kan ein også bestille mat, be om tilbod på Event-opplegg eller få skreddarsydd lukka selskap. Ta kontakt med Gro på tlf. 91 32 13 92. Eikefjord Grendalag gratulerer med 1 års dagen.







# Havn FjordCamping

I juni opna Havn Fjordcamping i Eikefjord. Dette er eit nytt tilbod for oppstilling av bubilar og campingvogner i sentrum av Eikefjord. Fjordcampen har ein fantastisk beliggenheit i hjarte av bygda (bak Spar), med flott utsikt over fjorden. Fjordcampen er utstyrt med sanitæranlegg og kjøkken, samt tømming for bubil. Ein kan også leige båt i samband med opphaldet på Fjordcampen. Vi oppmoder alle besøkande som kjem med bubil eller campingvogn om å nytte dette tilbodet under Eikefjorddagane 2009.

For reservasjon, ring: 905 78 788.

Eikefjord Grendalag gratulerer med eit nytt flott tilbod i bygda!!!






# Kunstutstillinga Eikefjorddagane 09



Årets kunstutstilling vert opna fredag 14. august kl. 18.00. Begge dei to øvste etasjane på Nærleiken er tatt i bruk for vise fram bileta til årets kunstnar. Eikefjorddagane er særs nøgd med å kunne presentere ein lokal Sunnfjordkunstnar av særs høg kvalitet.

Jorunn Mulen frå Førde har ein mastergrad i illustrasjon. Ho er utdanna i England ved University College Falmouth. Jorunn har stilt ut sine arbeider ved ulike galleri både i Noreg og England.

Mulen arbeider med pastellfarga, poetiske, figurative og impresjonistiske måleri, serigrafi, teikningar og "artist books" kor ho illustrerer sine eigne forteljingar. Motivkrinsen og uttrykket går som ein raud tråd igjennom kunstnarskapen, uansett teknikk. Det er ofte diffuse, drøymande, melankolske og introverte kvinnelege framtoningar som går att frå verk til verk, som ein slags romanfigur, i ei samansmelting mellom røynd og draum. Overlappingar, flekker, fargar som er lagt over kvarandre og hennar raske, faste strek gjev eit skjørt og forgjengeleg inntrykk.

*Sjølv seier ho:*
*"Når eg maler komponerar eg historier. Strøka på lerretet er spor etter leiting. Nokre gonger veit eg slettes ikkje kva eg leiter etter før eg finn det. For å finna må eg våga å miste kontroll, kanskje må eg gå meg heilt vill."*





*"Mine historier kjem frå ein barndom på Vestlandet, og frå reiser som førte meg andre stader. Nokre historier blir til ved å kjenne att spor som er skapt medan vi er på veg til å finna vår eigen 'persona' (maske). Historiene handlar om ein lengt etter å finna vegen heim."*



Heimeside:
**www.post-illustration.co.uk**

Alle bileta som blir vist fram er også til sals.

***Vel møtt til ei nydeleg utstilling!***

*Hvis bare noen få har råd til en hybrid, hva ville det være godt for?*

HONDA
The Power of Dreams

Insight fra kr 252.400,-*




*Veil. pris lev. forh. inkl. frakt- og lev.omk. Årsavgift kommer i tillegg.
Drivstoff-forbruk bl. kjøring: 4,4-4,6 l/100km, $CO_2$-utslipp: 101-106 g/km.
www.insight.honda.no

JANCO BILREP. AS
FLORØ – FØRDE
Mobiltlf. 900 72 263 / 915 71 130

*Vi kjem med alle*

*Honda-modellane*

*til Eikefjorddagane 2009!*

*Velkomen innom vår stand!*

**www.honda.no**



# EM i handbak

Endeleg skal ein no få kåre Sunnfjords sterkaste og beste handbak-kvinne eller -mann. Under Eikefjorddagane 2009 vil ein legge til rette for ein handbak-konkurranse med spesialbord. Eikefjord Grendalag ynskjer å vere med å skipe ein eigen handbakklubb i kommunen. Dette vert eit krafttak vi vil huske lenge. Rykta seier at ein allereie no må byrje oppkøyringa fram mot tevlinga. Kom til Eikefjord og opplev denne tevlinga enten som utøvar eller som publikum. Her vert det moro!

# EM i drusing

***Har du Eikefjord sin hardaste skotfot ?***

Eikefjorddagane kårar den hardaste skotfoten under årets dagar. Laurdag og søndag har du mulegheita til å "druse" til ballen alt du kan. Vi har radar som måler farten på ballen.

Så møt opp og test skotfoten – kanskje det er nettopp DU som har Eikefjord sitt hardaste skot. Premiering frå scena søndag kl. 15.00!



*Pris inkl. frakt- og leveringsomkostninger. Årsavgift kommer i tillegg. CO2 utslipp 169 - 244 g/km. Drivstofforbruk (kombinert kjøring) fra 0,64 - 1,03 l/mil.




**Bygd for svarte løyper.
Med utstyr du ellers trenger
svart belte i shopping for å få.**

Nå kan vi levere Kuga rett fra lager, med imponerende utstyrspakker til beskjedne priser.
Kuga er stor nok for de flestes behov. Liten nok til å ha lavt drivstofforbruk og CO2-utslipp. Den har kjøreegenskaper som langt dyrere biler. Firehjulstrekk og høy bakkeklaring tar utfordringene med norske veier og klimaforhold. Kompromissløs sikkerhet og forførende former kommer i tillegg.

**Kom innom og se hva vi har å tilby akkurat nå.**

**Pris fra kr. 386.500,-***

**Ford**Kuga | Feel the difference

AutoForum

**Førde: Tlf. 57 83 09 60**
**Florø: Tlf. 57 75 29 30**

# KONSERT

## EIKEFJORD KYRKJE

### FREDAG 14. AUGUST KL 20.00



- ***Jorunn Torsheim*** (bildet) vokal
- Pål Båtelund og Tore Buvoll på ulike strengeinstrument





PRICEWATERHOUSECOOPERS

**Revisjon og rådgjeving**

Kompetansesenteret med 42 menneske innan revisjon og rådgjeving i Sogn og Fjordane.

**Partnerar:**

| | | |
|---|---|---|
| **Jan Ove Helle** | mobil | 95 26 13 33 |
| **Jan Fjølo** | mobil | 95 26 13 21 |
| **Terje Bjerkan** | mobil | 95 26 13 44 |
| **Kjetil Myrland** | mobil | 95 26 13 14 |
| **Gunnar Bøyum** (adv.) | mobil | 95 26 13 13 |

**Florø • Sogndal • Førde • Måløy • Stryn**

*connectedthinking



Origod AS
Industrivegen
Postboks 274
6902 Florø
Telefon 57 75 21 40
Telefaks 57 75 21 41
www.origod.no

origod



**ÅPNINGSTIDER:**

| | |
|---|---|
| **Mandag** | **9–16.00** |
| **Tirsdag** | **9–18.00** |
| **Onsdag** | **9–16.30** |
| **Torsdag** | **9–18.00** |
| **Fredag** | **9–16.30** |
| **Lørdag** | **9–14.00** |

**Timebestilling og drop-in!**

FRISØRBUA
DAME HERRE
***v/Eva Ramsdal***
6940 Eikefjord - Telefon 57 74 01 10




# Tandem paragliding

Førde Luftsportsklubb vil vere på Eikefjorddagane, lørdag og søndag frå kl. 1000, for å tilby tandem paragliding. Vi lovar passasjerane ei fantastisk oppleving og eit høve til å sjå bygda frå lufta.

For meir informasjon og forhåndspåmelding, ta kontakt med Bjørn på tlf. 99045970. Aktiviteten utgår dersom veret ikkje er eigna for flyging.





**www.forde-granitt.no**



www.ewos.com




Vi ønsker Eikefjord Grendalag
lykke til med
Eikefjorddagane 2009!

EWOS®

**EWOS Florø** - Gunhildvågen - N-6900 Florø - Tel. +47 55 69 70 00 - Fax +47 55 69 71 01
**Adr. Hovedkontor** - C. Sundsgt. 17/19 - PO.Box 4, Sentrum - N-5803 Bergen - Tel. +47 55 69 70 00



## «Spik Adel»

Laurdagskvelden blir det fest og dans på Allhuset i Eikefjord. Dørene opnar kl 2100. Vi har fått tak i «Spik Adel» frå Bremanger. Som namnet seier spelar dei sterk og vedvarande rockn roll frå 70, 80 og 90-talet med røter i folk, blues og moderne country.

Ønskjer du å løyse svetten på dansegolvet eller leske strupen ute eller inne, er Allhuset plassen denne kvelden!

## Dansebuss tur/retur Florø

Avgong frå Florø laurdag kl 21.00
(via Solheim), med retur frå Eikefjord kl. 02.30.

Pris kr. 50,- kvar veg.


Vi ønsker lykke til med
Eikefjorddagane 2009!




BM BYGGMAKKER
**BRULAND**
Bruland
6800 Førde
Tlf: 57 72 22 30
Åpent:
7-16.30(18). 9-13.30

**FLORA TANNLEGESENTER**
Telefon 57 74 22 63

Per A. Kristiansen
Spesialist Periodonti
Lars Knut Andersen
Synnøve Leikanger


Safari
**ENGROS**
Botnaneset - 6900 Florø
Telefon 57 75 77 50 - Telefax 57 75 77 51
**www.safariengros.no**



# Dyreutstilling

Som alltid vil du få oppleve eit variert og triveleg utsilling av ulike dyr under Eikefjorddagane. Her vert det stor variasjon der du kan på klappe og oppleve på nært hald dei fleste husdyra våre. Du kan sjølvsagt også ta deg ein tur på hesteryggen.

For mange ungar er dette faktisk høgdepunktet!

Foto: Marianne Kvamme





Foto: OA Endestad



Foto: OA Endestad




atema




**Industridata**

*– din forbindelse med omverdenen!*

in data

Evjegata 10,
Postboks 622, 6903 Florø
Tlf. 57 75 87 00 - Fax 57 75 87 01
**www.indata.no**

# UTSTILLARAR:

**Eva Kristin Dale**



Eva Kristin Dale er busatt i Førde og kjem til Eikefjord Dagane med sine unike smykker sett saman av ulike komponentar som: krystal, swarovski, emalje, sølv, ferskvannsperler, zirkonia og capiz. Ho lagar berre eitt eksemplar av kvart smykke. Dei smykka som ikkje er av reint sølv er nikkelfrie. I tillegg til smykkene har ho i år kjoler i ullfilt eller chenille, votter i ullfilt og sjal i nunofilt samt hekla sjal av englemasker og av rein ull (vanleg filting). Ho har også med dekorerte vesker av nepalull.

**Per Stavang - Neset Røykeri**



I nabobygda ligg Neset Røykeri. Her røyker laksekongen Per Stavang laks til dei finaste resturantar. Kvaliteten på denne delikatessa tilfredsstill dei fleste ganar. Kunsten å røyke laks beherskar han til fulle. Under Eikefjord Dagane 2009 kan du kjøpe med deg litt røykt laks, og kanskje røykt ål også. Ålen fiskar han i Endestad Vatnet, og han har fått mykje ros for sin nydelege røykte ål. Så ta turen innom Per Stavang for å sikre deg heimerøykt laks og evt ål. Han blir på stand så lenge han har fisk!

**Kari Klev – Meir Mohair**



Plagg strikket av mohairfiber er elegante, lette og en smule luksuriøse. Fiberen vi får er silkemjuk og glansfull. Mohairgeita kommer fra fjellområder i Tyrkia. Tyrkerne visste å sette pris på den, og de var lenge uinteressert i å eksportere livdyr. Heldigvis er dette historie, og mohairgeita holdes nå i de fleste europeiske land. Den har ikke vært lenge i Norge – men fjelldyr som den er, passer den godt til norsk klima. Den elsker å beite på kratt og buskas, og er derfor ypperlig til kulturlandskapspleie. I forhold til mjølkegeita oppfører den seg mer aristokratisk, og er lett å gjerde inn. (Hurra!).. Finn fram dine beste pinner og strikk til gullungen, Den Store Helten eller deg sjøl – og føl deg som dronning!

**Marit Andersen – Lapper, Lys, Englefryd**



Marit Andersen har ein egen evne til å lage kreative og artige produkt som utrykker glede. Hennar materiale er tekstil, og hennar verktøy er for det meste symaskin. Ho likar å leike seg og eksperimentere med bomull, lin og silke i kombinasjon med sølv, papir, gummi og andre tjenelige materialer som gir produkta det rette uttrykket. Hennar ønske er at produkta skal spre farge og glede i kvardagen. Kom innom Eikefjord Dagane og sjå hennar utallige fargesprakande og flotte håndarbeid.

**Ragnhild Svardal Nesje - Breheimen Naturprodukt**

På søndagen er Breheimen Naturprodukt frå Stryn igjen på plass på Eikefjorddagane. Dei produserer eit rikhaldig utval av mat. I tillegg til den søte smaken av honning og honningkaker, kan du få kjøpt ulike variantar av spekemat. Spekepølse av hjort, storfe og geit, samt velsmakande spekekjøt kan anbefalast. Treng du noko å leske deg på kan du og nytte høvet til å kjøpe eplecider. For meir info sjå: **www.honningprodukt.net**

URBANT & TRENDY
NYTT HOTELL
COMFORT HOTEL FLORØ
Comfort Hotel Florø | Markegt. 43 | NO-6900 Florø | +47 57 74 10 00 | co.floro@choice.no | choice.no
It's your choice.
Comfort HOTEL
FLORØ
BY CHOICE HOTELS

norblikk.no
- med blikk for gode løysingar
Florø 57742511 - Førde 57821025

Kinn Regnskap AS
HYGGELIGE MENNESKER
- Regnskap
- Fakturering
- Budsjett
- Lønn
- Økonomisk rådgivning
- Årsoppgjør

Besøksadresse:
Kinn Regnskap AS
Hestenesgata 4, Florø Næringshage, 6900 Florø
Tlf. 57 75 14 30 – www.kinn-regnskap.no



## UTSTILLARAR:

**Guus Morel – Alm Gard Iskrem**

I den vakre bygda Feios i Sogn har dei fått innflyttarar som satsar utradisjonelt. På Alm Gard finn vi Telemarkskyr, høns, grønsaker og bringebær. Med utgangspunkt i eigne råvarar produserar Guus Morel og familien heimelaga iskrem etter tradisjonelle oppskrifter. Nydeleg og velsmakande is laga av frisk mjølk, fløyte og egg, og smakssett med sjølvdyrka friske fruktar. Denne isen inneheld ikkje kunstig aroma, fargestoff eller konserveringsmiddel. På søndagen under årets Eikefjorddagar kan du forfriske deg med eit slikt unorsk gardsmatprodukt. Kven veit om ikkje det her er fare for at det vert utseld tidleg…

**Bjørg og Jens Heggestad – Elvebakken Gardsysteri**

I Veitastrond finn vi eit lite og eksklusivt gardsysteri. Geitene til Bjørg og Jens Heggestad beiter i Jostedalen nasjonalpark ved den mykje omtala fjelltoppen Kaldakari. Denne geitemjølka er utgangspunktet for den eksklusivt heimelaga ekte geitosten med same namn som fjelltoppen.
Med ekte geitost meiner vi ein brun geitost laga av 110% rein geitemjølk! I tillegg til geitosten vil Bjørg og Jens også ha med seg god gammaldags mylse for sal. Dette er varer som må smakas, så nytt høve til å slå av ein prat og få dykk ein smakebit. Vi er på Eikefjorddagane laurdagen.

**Trond Henrik Eplet – Eplet Bed & Apple**

Frå Solvorn kjem Trond Henrik Eplet med sin uimotståelege bringebærnektar. Dei saftige bæra er plukka i bygda innst i Sognefjorden og pressa same dag på Open Juice Factory i kjellaren på Eplet Bed & Apple.
Eplet er eit internasjonalt prega hostell med avslappa atmosfære, hengekøyer i hagen, gratis syklar til utlån og ein 9 mål stor frukthage. Les meir om Eplet sin gardsturisme i moderne format på www.eplet.net. Juicen blir for det meste seld til hoteller og kaféar. Under Eikefjorddagane kan også du få ein smakebit av foredla frukt frå vakre Solvorn. Nytt høve til å sikre deg nokre kartongar av denne himmelske bringebærnektaren! Og ikkje vent til toget er gått, for denne standen har vi berre glede av på søndag.

**Odd Birger Jensen - Brito Pølser**

Kjem med sine mange pølseslag. Reiser rundt i heile Noreg og er alltid smilande og blid. Har nokre eigne oppskrifter på pølser, men andre produserer dei for han.

**Elena og Kåre Haugland – Norges Mat**

Norges Mat drives av Elena og Kåre Haugland og er en familiebedrift frå Nordfjordeid. Elena er frå Kazan i Russland, og er ofte med å selger på markeder. Kåre er pølsemakermester og jobbet i faget siden 1962,og m.a. mange år driftssjef i større kjøttberift i Oslo. Norges Mat selger og over internett de fleste produkter www.norgesmat.no. De mest populere pølsene er rødvin, bacon og chorizo. Andre er vilt, kvitløk, biff, geitepølse m.m. Fenalår og spekeskinke u/ bein er laget på gamlemåten, med mindre salt og tørket i vanleg luft. Sylteflesk av haud og grove middagspølser selges mest før Jul. ***Velkommen til vår stand for prøvesmaking på Eikefjorddagene.***




**Topp kvalitet – Best på service**

ARBEIDSOMRÅDE:
- Total rehabilitering av baderom
- Sanitæranlegg
- Vannbårne varmeanlegg
- Pumpeanlegg

*Servicebil i Flora (Eikefjord) og Bergen!*

Mestermo VVS

Sentrum- 6940 Eikefjord
Tlf. 57 75 33 10 - Faks 57 75 33 11
Mobil 916 11 279
E-post: post@mestermo.no - www.mestermo.no

Vi ønsker til lykke med arrangementet!

UCO UTLEIECOMPAGNIET

UCO - Utleiecompagniet
Hamregata, 6900 Florø
Tlf. 400 01 856 - Telefaks 57 74 39 11
E-post: floroe@uco.no




# UTSTILLARAR:

## Inga Sæterlid – natronkake og gimpa dåpskjole

Natronkakene og lefsene til Inga Sæterlid får dei fleste til å verte mo i knea. Inga Sæterlid veit å ta vare på gamle tradisjonar. I tillegg til å lage natronkaker og lefser, tek ho vare på den meir sjeldne teknikken gimping. For dei uinvidde, kan vi opplyse om at gimping ikkje har noko med mat å gjere. Dette er ein husflidsteknikk. Inga Sæterlid vil ha med seg ein vakker gimpa dåpskjole for sal.

## Åse og Anita Havn – Saum og Strikk



Åse er vår faste humørspreiar i marknadsteltet. Både ho sjølv og produkta hennar er til å bli glad av. Åse syr vadmelsvestar med skinndekor, hattar, beltepungar, samt diverse dekorerte vesker av mindre storleik som kan nyttast til ulike høve. I år som i fjor har ho også med seg dei fargerike strikkeprodukta som er laga av dottera Anita. Dei fjonge trekantsjala i spreke farger er laga både i bomull og i eksklusiv alpakkaull. Med friske fargar og snerten design kan einkvar kvinne pynte seg til kvardags og fest.

## Anja Cecilie Sletthaug



vart ferdig utdanna gullsmed i 2001. Ho held til i Åsane, kor ho bur og arbeider. Anja Cecilie er tru mot handverket sitt, og lagar alle sine smykke for hand. Du finn difor berre få av kvar type, og alle er laga i 925S. Desse vakre smykka vert produsert i eigen verkstad på Åsane. Nytt høve under årets Eikefjorddagar til å få deg ditt eige unike sølvsmykke.

## Hilde Buer



er villsaubonde på Grønenga, ho stiller med vakre skinn av villsau. Nydelege, varme skinn for kalde dagar.

## John Kåre Larsen - m-produkter

Hovudsakleg driv vi med sal/distribusjon av handlaga ting og husflid, men har også alternative produkt. Vi har smykker av eigen design. På standen kan publikum få designe eigne smykker i sølv. Du kan finne din smykkestein i skattekista, og vi lagar den til smykke for deg. Vi har gravering av glass på standen der ein kan få gravert inn namn på glas i ulike variantar. Applikasjonar, flotte handsydde kunstverk/bilde, husflid med bl.a. strikka sokkar/labbar/sko som er produsert av lokale damer.
Meir info på: www.sognefjord-marknaden.com

## Tove Øvrebø Rindheim - Kattepina Glassdesign



Har jobbet med kunstglass i 5-6 år, all kompetanse via kurs på" Glassforum Komptansesenter innen kunstglass". Produserer smykker, fat, bilder og diverse figurer montert på stein eller glass. Lager også på bestilling etter kundens ønsker om fargevalg. Forhandler for Hobby Forum med salg av kunstglass, dikroitisk glass, sølvleire og diverse utstyr og maskiner. Holder kurs i glass og effekter, glassmykker og sølvleire.

**Tilbyr alt innen VVS**
- Rehabilitering
- Nybygg
- Sertifisert plastrør-sveiser

**EIKEFJORD RØR AS**
RØRLEGGERMESTER SVEIN KNAPSTAD
6940 Eikefjord - Tlf. 57 74 65 60
**Mobil 958 89 090** - Fax. 57 74 65 61
MESTER
GODKJENT FOR ANSVARSRETT

provide
Vi gjør det lettere for deg og din bedrift!
AS Provide
Hamregata 1, N-6900 Florø, Norway
Postadr.: PB. 23, N-6901 Florø, Norway
Tel. +47 57 75 77 00
E-mail: post@provide.no - www.provide.no

Europris
MER TIL OVERS
www.europris.no



# UTSTILLARAR:

## I GAMLE BAKERIET:
**Anne Lise Vaksdal Øvrebø**







Anne Lise designar, produserer og sel smykker i gull og sølv. Enkle, reine linjer i edelt metall er kjenneteikn på hennar arbeid. Ho har hatt læretida si ved Hasla AS. Gullsmed Ulf Larsen i Oslo (Ulf Larsen laga gifteringane til prinsesse Märtha Louise og Ari Behn) , og teke sveineprøve i filigransarbeid (Arbeid med bunadssølv) og Sveineprøve i gullsmedfaget. Ho har dermed ein einestående læretid bak seg. Anne Lise bur i Jølster og driv Øvrebø Smykkeverkstad og galleri som ligg Vis à vis med Eikaas-galleriet på Ålhus i Jølster kommune.

Anne Lises inspirasjon til design kan komme plutseleg og uforberedt. Det meste av det ho skaper er basert på si eiga personlege design. Ho har investert i eit 3D teikneprogram av smykke som opnar mange nye muligheitar når det gjeld produksjon og design. På Eikefjorddagane vil ho ha med seg sin arbeidsbenk og du kan sjå korleis ho produserer smykkene sine. Anne Lise vert å finne i Magnhildbua ved siden av Nærleiken.

## I GAMLE BAKERIET:
**Kari Astrup-Geelmuyden**







Kari Astrup-Geelmuyden er ein meget anerkjent og ofte utstilt keramiker og glasskunster. Ho lagar keramikk- og glasgjenstandar i særeigent design. Ho arbeider mest med å produsere produkt ut ifrå handkjevla eller dreia steingodsleire i tynn og lekker kvalitet, eksklusive bruksting og pyntefat i ovnsforma glas og unike smykker laga av perler og handmala glas.

Kari held til i Årdal i Jølster der ho har ein eigen butikk. Der kan du finne mange av hennar spennande produkt. Elles kan du finne henne ved Astrup Kunst og Håndverk i Ski i Jølster. Ho har tidlegare vist sine produkt på eit utall messer, gallerier og utstillingar, og vil no også presentere sitt arbeid og produkt på Eikefjorddagane 2009. Ho vil ha med sin dreiebenk og lage prudukt av keramikk medan du kan sjå på. Så kom til Magnhildbua der ho vert å finne saman med Anne Lise Øvrebø. Det er verdt eit besøk!!

STATOIL
– FORANDRER HVERDAGEN
Statoil Bensinstasjon Florø
Krokane - 6900 Florø
Telefon 57 74 91 77 - Telefaks 57 74 91 78

Hans Endestad
MINIMASKINUTLEIGE
2,5 TONN
6940 Eikefjord
Telefon 57 74 90 40 - 40 21 65 71

Vi forhandlar:
LUNA - METABO
STHIL - KJØKKENUTSTYR
Leverandør både til forbrukar og industri!
Jernia Snorre
Hestenesgaten 4
6900 Florø
Tlf. 57 74 28 08 / 57 74 15 40
JERNIA




*Illustrasjon:*
*Ide – Silje Fraas*
